

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Knut Vidar Svanheld
Arkivsaksnr.: 21/1523-15

Arkiv: L13 K53

Detaljreguleringsplan Hundurane masseuttak, Skjolden 2020012

Rådmannen si tilråding:

I samsvar med reglane i § 12-10 i plan- og bygningslova blir detaljreguleringsplan Hundurane masseuttak, lagt ut til ettersyn og sendt over til aktuelle fagorgan for høyring, jf. reglane i § 12-10 i plan- og bygningslova etter at følgjande endringar er gjort:

1. § 2.2 skal endrast til at lasting og transport ikkje kan skje før klokka 08.00 på laurdagar, samt at det også skal vere full stopp i romjul og påskeveke.
2. § 3.1 skal få følgjande tillegg: «Saman med rammeløyve/ byggesøknad for tiltaket skal det leverast inn kart/ illustrasjonsplan som viser plassering av voll som skjermar innsyn og lyd, plassering av drenggrøfter og eventuelt sedementeringsdam, plassering av sikringstiltak, interne vegar, dei forskjellige driftsetappane det vert søkt om, avslutning og revegetering av planområdet, samt plassering av andre aktuelle element.»

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

1. Plankart
2. Planføresegner
3. Planomtale
4. ROS-analyse
5. Driftsplan
6. Div skisser og bilete

Uprenta vedlegg:

Sak PFU-17/21

Sak PFU-54/21

Samandrag:

Grunneigar av gbnr 26/1 har levert inn detaljreguleringsplan for massetak på sin eigedom i Skjolden. Rådmannen meiner planen er godt gjennomarbeidd og rår til at den vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Utval som har vedtaksmynde:


Plan- og forvaltningsutvalet har mynde til å legge på høyring/ fremje til kommunestyret
Kommunestyret har vedtaksmynde

Fakta:

Luster kommune har motteke forslag til detaljreguleringsplan for Hundurane massetak i Skjolden. Tiltakshavar er grunneigar av gbnr 26/1.

Plan- og forvaltningsutvalet har tidlegare handsama både eit planinitiativ (sak PFU 17/21) og vedteke planprogram (sak PFU-54/21) for denne saka.

Ein har no motteke eit endeleg planforslag som inneheld tre føremål, nemleg steinbrot og masseuttak, køyreveg og LNF-område.



I følgje planforslaget er det eit berekna volum i førekomsten på om lag 40 000 m³, der det er estimert om lag 15 000 m³ til plastrings- og muringsstein og det resterande som andre nyttbare steinmaterialer.

Dersom ein ser til føresegnene til planen, så vil rådmannen starte med å vise til § 2.1 og 2.2 som seier følgjande:

2.1 Utforming av tiltak

2.1.1 Alle inngrep skal planlegges og utføres slik at skadevirkningene på natur og landskap blir minimert. Det skal sikres en kantsone med vegetasjon langs formålsgrensene.


Uttaket skal følge en etappeinndelt driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal til enhver tid være godkjent av Direktoratet og skal vanligvis ajourføres hvert 5. år eller etter nærmere avtale med Direktoratet.

2.2 Driftstider


2.2.1 Driftstid i anlegget er kl. 0700-1600 på hverdager, mandag-fredag, med mulighet for lastning av stein og ferdigvare fram til kl. 19.00. Lørdag er det tillatt med transport og lastning av masser kl. 0700-16.00. Boring og unntaksvis sprenging er kun tillatt mandag-fredag kl. 07.00-16.00. Drift er ikke tillatt søndag og helligdager. Full stopp 2 måneder tilknyttet sommerferien.

§ 2.2 styrer driftstider, og disse er for så vidt greie. Rådmannen vil likevel råde til at 2 justeringar av denne føresegna. For det fyrste meiner rådmannen at arbeidet kan vente med oppstart til klokka 08.00 på laurdagar, og for det andre bør romjul og påskeveka inngå i perioden med full driftsstopp.


§ 2.1 er viktig for den viser til at driftsplan til ein kvar tid skal vere godkjent av direktoratet for mineralforvaltning. Forslag til driftsplan er utarbeidd for massetaket jf vedlegg 5, og er sendt til direktoratet for behandling. Under er vist to viktige vedlegg til driftsplanen.



Uttakskart med skisserte driftsetapper



Avslutningsplan. Sjå også profil 1 under, der ein ser eksisterande og nytt terreng.



Rådmann meiner dette er ein type tiltak og plan der det er fleire nivå både i plan (reguleringsplan/ driftsplan) og forvaltning (kommune/ direktoratet for mineralforvaltning). Det er difor viktig at dei forskjellige dokumenta heng saman, også når det gjeld behandling.

Rådmannen ser det slik at reguleringsplanen kunne vore strammare i forma, mellom anna at driftsetappane, vollar, drengrofter, sedementeringsdam mm var vist på reguleringskartet og vart juridisk bindande. Samstundes er det lite fleksibelt, og kan fort ende med at ein må dispensere eller endre på reguleringsplanen. Rådmannen er difor samd i at det er lurt at sjølve reguleringsplanen styrer arealbruk, driftstider mm, og at praktisk gjennomføring vert styrt gjennom driftsplanen. Det rådmannen saknar i denne forbindelse er linja mot kommunal godkjenning om korleis området skal driftast. Drift av eit massetakk treng å byggjemeldast på lik linje med andre tiltak.

Grunneigar har for eksempel løyve til å ta ut ei viss mengde i dag på midlertidig dispensasjon. Rådmann rår difor til at det det vert stilt krav om diverse dokumentasjon gjennom byggjesøknad. Det vert vist til forslag til vedtak for formulering.

Vurdering:

Rådmannen vil understreke at dette er eit grundig dokument med gode illustrasjonar på kva verknad tiltaket får. I og med at tiltaket ikkje er i tråd med gjeldande arealdel, har det vorte utarbeidd og godkjent planprogram for planarbeidet. Som ein konsekvens at tiltaket ikkje er avklara i overordna plan, var det også krav om utarbeiding av konsekvensvurdering for tiltaket som ein del av reguleringsplanen. Denne er innarbeidd som ein del av planvurderinga, og rådmannen meiner den illustrerer utfordringane tiltaket får for omgjevnaden på ein god måte. Bileta under illustrerer den visuelle effekten av etappe 1 og fullt uttak sett frå brygga i Skjolden.



Konsekvensvurderinga har teke for seg følgjande tema, vist med vurdert verdi og konsekvens i parentes: naturmangfald (liten, 0), landskap (middels, liten negativ (-)), kulturminne og kulturmiljø (liten, 0), forureining støy (liten, liten negativ (-)), forureining støv (høg, liten negativ (-)), forureining utslepp (høg, ubetydeleg (0)) og naturressursar (høg, stor positiv (+++)). Rådmannen tek konsekvensvurderinga til orientering, og meiner det er gjort eit grundig arbeid her.

Rådmannen vil avslutningsvis vise til at dette er ei sak som har vorte drøfta politisk tidlegare. Rådmannen har peika på utfordringane med massetak i Skjolden både med tanke på dei visuelle og lydmessige utfordringane som ligg i denne plasseringa, men har også vore tydeleg på at det er viktig at det er tilgjengeleg masse i godkjende uttak i denne delen av kommunen. No er det også eit uttak på Eide, der det også vert utarbeidd reguleringsplan for vidare uttak, men rådmannen ser at behovet kan bli stort i nærområdet, både med tanke på tiltak ein er kjend med og i beredskapsaugemed.

Rådmannen meiner difor at planen er god og tilstrekkeleg utarbeidd til å sende til offentleg ettersyn med dei endringane som er skissert i forslag til vedtak.

Dato: 01.10.21

Jarle Skartun
rådmann

Knut Vidar Svanheld
Plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:

